

Kari Elisabeth Io  
Øvrebøen 13  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/4313 - 21/28615


Saksbehandlar:  
Kaia Marie Amland  
[kaia.marie.amland@alver.kommune.no](mailto:kaia.marie.amland@alver.kommune.no)

Dato:  
28.04.2021

## Orientering om plan under arbeid

Områderegulering av Langelandskogen starta opp i 2017. Områdeplanen legg opp til ein gang- og sykkelveg gjennom Langelandskogen, frå Fosse til Frekhaugkrysset og mot Sagstad. Denne kan etablerast som midlertidig turveg før gang- og sykkelvegen vert etablert. Traseen blir mellom anna ein viktig forbindning for gåande og syklende mellom Fosse og nye offentlege funksjonar i Langelandskogen, Frekhaug sentrum, og skule- og idrettsområdet på Sagstad. Gang- og sykkelvegen går gjennom dykkar eigedom g. / b.nr. 325/140. Vidare regulerer utkastet ein sti (Sti 7 i omsynssone for friluftsliv, H530\*7) opp mot Storeknappen. Stien skal vere godt tilpassa terrenget. Ein mindre del av arealet blir midlertidig rigg- og anleggsområde, i samsvar med gjeldande reguleringsplan *Detaljregulering for fv. 5310 Fosse-Moldekleiv og Fossekrysset*. Resterande areal blir regulert til Landbruk, natur, frilufts- og reindriftsområde (LNFR), som i gjeldande kommunedelplan for Meland.


## Teiknforklaring




LNFR areal for nødvendige tiltak for  
landbruk og reindrift og gardstilknytt  
næringsverksem basert på  
ressursgrunnlaget på garden (5100)



Gang-/sykkelveg (2015)



Omsyn friluftsliv (530)



Figur 1 Utklipp fra utkast til plankart. Eideom g./b.nr. 325/140 er uteha med raud, tjukk strek

**Kva skjer vidare?** Områdeplanen nærmar seg innlevering til sakshandsaming hjå kommunen. Når planframlegget er handsama, sender administrasjonen ei innstilling til politisk utval areal, plan og miljø (APMU). Det er APMU som vedtek om den skal leggast ut på høyring og offentleg ettersyn. I høyringsperioden kan de og andre komme med innspel til planframlegget. Områdeplan for Langelandskogen har krav om detaljregulering før byggjeområda kan byggast ut.

**Kva er ein områdereguleringsplan og ein detaljreguleringsplan?** Det finst to typar reguleringsplanar: områderegulering og detaljregulering. Områderegulering blir til vanleg laga av kommunen og styrer utviklinga av eit større område. Detaljreguleringar kan bli laga av både kommunen og private utbyggjarar og initiativtakrar, men ein må då forholda seg til dei overordna kommunale planane under planlegginga. Detaljreguleringar tek for seg mindre område eller enkelte tomter og gir ofte meir spesifikke føringar for kva som kan byggjast enn kva ein områderegulering gir.

Ved spørsmål og innspel til dette brevet, ta gjerne kontakt med underteiknande.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og analyse

Kristin Nåmdal  
avdelingsleiar

Kaia Marie Amland  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Mottakarar:**

Kari Elisabeth Io	Øvrebøen 13	5919	FREKHAUG
Konrad Knut Io	Øvrebøen 13	5919	FREKHAUG